

## Godverstur på «taket av Ål»

Reineskarvet er den mektigaste fjellformasjonen i Ål. Den vanlegaste ruta opp på Reineskarvet, startar på Reine. Då når ein toppen på 1729 m.o.h. etter eit par-tre timar. Høgaste toppen ligg nordvest for Eitrejuvet og er 1791 m.o.h.


Start med å gå stigen opp Reinudn. Det er det brattaste stykket på heile turen, men du vært belønna med ei fin utsikt. Rett etter varden på Reinudn og nokre meter aust for stigen, finn du nokre låge gråsteinmurar. Dei har nok ingen arkeologisk verdi, men vart bygd opp som leikestell av gjetlegutane for meir enn 100 år sidan. Halvveges opp mot

Reineskarvet, på Me-reinudn (av me – midtvegs), gjer landskapet ein liten knekk og flatar litt meir av opp til Skarvet. I det du byrjar på sjølve Reineskarvet, er du halvveges til toppen. Stigen er merka med småvardar.

Den fyrste toppvarden du kjem til, kan du gå forbi, til du når sjølve hovudvarden på 1729 meter. I nord ser du dei spisse toppane i Jotunheimen, noko lenger mot nordaust ser du Skogshorn, i aust Lauvdalsbrea og Blåbergi, i sør Gaustatoppen og i sørvest Hallingskarvet.




Foto: Bård Svardal





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000


På Reine var det stølsdrift frå fyrst på 1600-talet og fram til 1970-åra. Åtte gardar frå Leveld hadde støl på Reine. Den tida det var stølsdrift, jaga budeiene bølingane inn i gutu etter morgonmjølkinga. Var været fint, vart dei jaga oppover mot Reineskarvet. Det hendte at kyrne nekta å gå mot fjellet. Då kom alltid regnværet utpå dagen.


Reinudn er den store moreneryggen som strekkjer seg heile vegen frå Skardhovda i vest til reset mot Lauvdalen i aust.

 Fylkesveg 244 (Nordbygdvegen) mot Vats. Ved Feten i Leveld opp Nysetlie, Bomveg mot Hemsedal. Stølsvegen til Reine (fleire moglegheiter.)

 Parkering: I gutu eller langs vegen ved Reine.

 Fin turstig i fjellet. Ikkje skilta/merka, bruk kart.

 Mektige fjell, fjellvatn, vidt utsyn på "taket av Ål".

 Ca 4 - 5 km ein veg 2-3 timar

